

## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.05.2017

### Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Iver Fiksdal og partner Stein Ove Songstad frå Deloitte presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen av NDLA – Del II og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Sekretariatet har motteke e-post dagsett 22.05.2017 vedlagt eit notat frå varslarar som er omtala i rapporten, der dei kommenterer innhaldet i rapporten. Dei har bede om at notatet vert lagt fram for kontrollutvalet i møte 23.05.2017. På bakgrunn av dette vart notatet send ut til dei møtande medlemmene før møtet. Deloitte presenterte sitt svar til dette notatet i møtet.

Skrifleg svar i høve notat frå varslarane vert å sende sekretariatet etter møtet. Tilsvaret skal først sendast på høyring til NDLA og fylkesrådmannen.

Kontrollutvalet ønskjer vidare å få meir informasjon i høve desse punkta:

- Habilitet
- Oversikt over leverandører til NDLA før og no
- Selskapsstruktur
- Den omtalte grafen frå 2013
- Organisering/tilsette i NDLA før og no
- Eigarskap i leverandørselskap mv. før og no

Dette tilsvaret vert å levere sekretariatet seinast innan 14.08.2017.

Det vart også lagt fram ein e-post dagsett 23.05.2017 med innhald som er unnateke offentleggjering med heimel i ofl. § 13., jf. fvt. § 13. Kontrollutvalet betraktar dette som eit nytt varsel og vert, etter å ha førespurt avsendar, å sende til rette organ i den aktuelle fylkeskommune.

Møtet vart difor lukka under denne delen av sakshandsaminga med heimel i kommuneloven § 31.3.

Etter dette vert handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport NDLA, del II utsett til møte i kontrollutvalet i august 2017.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Skrifleg svar i høve notat frå varslarane motteke 22.05.2017 vert å sende sekretariatet etter møtet, etter at det har vore send på høyring til NDLA og fylkesrådmannen.
2. Kontrollutvalet ønskjer vidare å få meir informasjon i høve desse punkta:
  - Habilitet
  - Oversikt over leverandører til NDLA før og no
  - Selskapsstruktur
  - Den omtalte grafen frå 2013
  - Organisering/tilsette i NDLA før og no
  - Eigarskap i leverandørselskap mv. før og no
3. Handsaming av revisjonsrapport NDLA, Del II vert utsett til møte i kontrollutvalet 28. – 29.08.2017.
4. Tilsvaret frå Deloitte i høve notat frå varslarane, samt informasjonen det er bede om i punkt 2 over, vert å levere sekretariatet seinast innan 14.08.2017.
5. Kontrollutvalet betraktar e-post dagsett 23.05.2017 som eit nytt varsel og det vert, etter å ha førespurt avsendar, å sende til rette organ i den aktuelle fylkeskommune.